

Innkomne uttalar frå melding om oppstart av frivillig vern av skog – Stråtveit, Vindafjord kommune

Fylkesmannen sendte 13. mars 2018 melding om oppstart av verneprosess for frivillig vern av skog på Stråtveit, Vindafjord kommune.

Det kom i alt tre merknader til meldinga om oppstart av frivillig vern. Her samanfattar me fråsegna og legg til vår vurdering.

Stadnamntenesta på Vestlandet har vurdert namneforslaget til naturreservatet. Dei tilrår namneforma og har ingen merknader til skrivemåten Stråtveit.


Fylkesmannen tek fråsegna til orientering.

Forsvarsbygg syner til Forsvaret sine arealbruksinteresser. Dei ber om at det kjem fram i forskrifta eit forbod mot motorisert ferdsel ikkje gjeld militære luftfartøy, dette inkluderer landing og avgang med Forsvarets luftfartøy.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering. Forskriftsframlegget som blir send på høyring nyttar standardformuleringar om forsvaret sine arealbruksinteresser nytta i andre nyare vernesaker og som er godtekne av partane. Unnataka frå ferdselsreglane for militær operativ verksemd er standardformuleringar godkjende av departementa (jf. § 6 første ledd), og for landing og avgang sjå § 6 andre ledd bokstav d.

Direktoratet for mineralforvaltning ber i si fråsegn Fylkesmannen om å vurdere ein innskrenking av verneområdet. Verneområdet rører i nordaust ved eit mogeleg framtidig uttaksområde for pukk dominert av bergarten gneis (Fig. 1). NGU vurderer at uttaksområdet har lokal verdi som byggeråstoffressurs.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering. Gneis er den vanlegaste bergarten i Noreg. I følge ressursoversikten hjå NGU vil ressursområdet kome i konflikt med omsyn til forureining av vassdrag og ny etablert verksemd/industri, dette reduserer utsiktene til å starta produksjon av pukk. Det meste av det moglege framtidige uttaksområdet ligg utanfor planlagt verneområde og inngangen vender bort frå verneområdet. Me kan heller ikkje sjå at uttaksområdet ligg inne i arealdelen til kommuneplanen. Fylkesmannen finn derfor ikkje tilstrekkeleg grunn til å innskrenka høyringsframlegget. Fylkesmannen tilrår endeleg avgrensing etter høyringa.



Figur 1. Vernegrensa og mineralressurs polygon for gneis (NGU).